

Fra: BNK Eiendom AS <bnkeiendom@gmail.com>
Sendt: tirsdag 28. mars 2023 14:55
Til: Postmottak Alver
Emne: Saksnr. 23/1579 - 23/24199 - Brenning av trevirke på gnr 318 bnr 8 m.fl.

Hei!

Viser til brev motteke 28.03.23 vedr. spørsmål om brenning av trevirke på vår eignedom gnr 318 bnr 8 m.fl.

Sagstad Kassefabrikk AS er leigetakar hos oss på denne eignedomen og har halde hus her i 35 år. Dei har historisk hatt ein liten bål plass der dei har brent kapp frå produksjonen eit par gongar i året. Dette skal vere reint og umåla trevirke. Bålbrenninga har tatt omsyn til spreiefare, vindretning i høve til røyk samt tidspunkt for bålforbod. Den aktuelle dagen som bileta vart tatt var det snøbyger og vind frå nord. Såleis vart det vurdert som gunstig i høve til spreieing og røyk. Sekken som viser på biletet var kommentert frå brannvesenet; dette er ein sekk med sagerusk som også er reint trevirke bortsett frå sjølve sekken. Som det viser på bileta er det lite røykutvikling då det er høg temperatur i bålet. Vi kan difor ikkje sjå at bålbrenninga til Sagstad Kassefabrikk AS har vore problematisk ift. forureiningslova.

Vi har likevel tatt tilbakemeldinga frå nabo via brannvesenet til etterretning og har informert Sagstad Kassefabrikk AS om at bålbrenninga skal opphøyre. Det har difor ikkje vore bålbrenning etter at brannvesenet var på besøk 16.12.22.

Helsing
Frode Brakstad

BNK Eiendom AS

Øvre Sagstad 4
5919 Frekhaug

e-post: bnkeiendom@gmail.com